

KAREN

Ein musikal av Odd Goksøyr og Torgeir Hauge
med utgangspunkt i novella Karens jul av Amalie Skram.

KONSTABELENS NATTRUNDE A	2
KAIHUSET	4
KONSTABELENS NATTRUNDE B	5
KAREN KJEM TIL BYEN / KRISTIANIA A	6
SØNDAG.....	8
REISE.....	9
EIN UKJENT MANN	11
PÅ JAKT ETTER FAREN (hunting high and low)	13
KVA NO?	14
PÅ STRØKET	15
VIGILE.....	16
KONSTABELENS NATTRUNDE C	17
VOGGESONG	18
KRISTIANIA B.....	19
KONSTABELENS NATTRUNDE D.....	20
VINTERBY	21

KONSTABELENS NATTRUNDE A

Ei kai, eit lys langt borte -
og lukt av tauverk,
 segl og gammal fisk.
Ei nattevakt når dagane er korte,
vert kald og lang og altfor frisk.

Ei vogn som rullar sakte,
ein larm som fjernar
 seg. Høyr jarn mot stein.
Konstabelen på kaiene må vakte,
og vinden skjer som kniv mot bein.

Ein eld, ei lykt på reden,
ein gammal skonnert
 kalla "Prøvelsen",
har ankra opp her midt i nattefreden,
og lyset varmar som ein venn.

Eit plask, eit rop i natta,
fyll og kulde,
eit stjerneregn av moreld
røper kva som skjer.
Ein mann blir berga,
frosen og forkomen,
på land - han skrik og sver,
han ber til alle djevlar,
hostar øl og sjø -
Ei nattevakt, ein vektar på sin runde,
har høyr det før.
Han snur og går,
må halde fram.
Stikk handa under skjorta,
der gøymer han ein dram.
Må halde fram på runden
til dagen grånar fram.

Ei kro, eit ly i kvelden
for dei som ingen
 har å kome til.
Her varmar peis og sprit - den våte elden
som gjer deg motlaus eller vill.

"Kaptein - la meg bli med deg.
Å vent, eg har det
 alle menn vil ha!"
Ei nattevakt, ein vektar på sin runde
har høyr det før.
Han snur og går,
må halde fram.
Stikk handa under skjorta,

der gøymer han ein dram.
Må halde fram på runden
til dagen grånar fram.

Og så - eit skur, eit kaihus,
stein og mørtel,
eit vindu og ei dørsprekk.
..... (instr.)

Han opnar døra,
stansar opp - forskrekka,
ein kropp - i skitne kle
som tett kryp saman over
noko, vil gi ly.
Ei lita mor, eit barn som held ein unge
i vinterby.

KAIHUSET

Karen 2

Konstabelen: Lat opp, du der inne
Lat opp på minuttet
Eg høyrer du er der
Lat opp på minuttet
Lat opp, du der inne
Det er politiet
Lat opp same om du
er mann eller kvinne

Karen: Kva er det? Kven bankar?
D'er slett ikkje nokon her!

Konstabelen: Lat opp, du der inne
det er politiet
Lat opp same om du
er mann eller kvinne

Karen: Er det politiet?
Men jøsses, eg opnar

Konstabelen: Ja, det vil eg meine
er best om du opnar

Karen: Eg sit her åleine
Eg sit med ein unge
Eg plagar då ingen
det kan ingen meine

Konstabelen: Lat opp, du der inne
Lat opp på minuttet
Eg høyrer du er der
Lat opp på minuttet
Lat opp, du der inne
Det er politiet
Lat opp same om du
er mann eller kvinne

Karen: Eg er berre Karen -
eg sit her med ungen min.

Ein månad før tida -
Eg sit her med ungen min.

Madammen er borte
Ho tar meg tilbake
Å, la oss få bli her -
vi har ingen stad å gå,
har ingen stad å gå

Karen: Er det politiet?
Men jøsses, eg opnar
Slå ikkje inn døra
Du ser vel eg opnar
Eg sit her åleine
Eg sit med ein unge
Eg plagar då ingen
det kan ingen meine

Ei nattevakt, ein vektar på sin runde,
har høyr det før.
Han snur og går,
må halde fram.
Stikk handa under skjorta,
der gøymer han ein dram.
Må halde fram på runden
til dagen grånar fram.

Ei nattevakt, ein vektar på sin runde,
har høyr det før.
Han snur og går,
må halde fram.
Stikk handa under skjorta,
der gøymer han ei skam
han ber på gjennom natta,
til dagen grånar fram.

KAREN KJEM TIL BYEN

(kontrast nr.4 episk/roleg og nr.5 hektisk, solo)

Karen 4 a

Kristiania, april!
Ein by med pust av vår i lufta.
Flyttedag, midt i april.
Ein vognmann bannar, andre ler,
men ingen tenkjer på kva andre gjer.
Har nok med seg, har nok med meg,
eit våryrt par har nok med seg.
Av toget stig vi ei for ei
i Kristiania for første gong.
Vi ser oss rundt.
Ser byen, gatene med rennesteinar,
ser hestedrosjer og ein hestetrikk,
ser brustein, mylder, skal vi få panikk?
Men før vi vinn å tenkje meir
står vognmenn, kuskar, herrar, fruor,
står tyend som oss sjølv, og spør:
Er dette Astrid eller Inger?
Vi tvinnar hender, vrir på føter, sparkar grus -
nervøse, spente, vi gøymer oss bak latter.
Ein herre ropar:
Eg søkjer Karen Johansdatter!
Og eg må neie djupt og følgje med
til vogna herremannen ventar ved.

går over i

KRISTIANIA A

(gatemiljø, roping, bråk)

(Ein vognmann- mannsstemmer)

Ha deg ut av gata, jævla kjerring
Stå der som ein vektar, fan til sperring!
Ha deg inn til veggen så eg kjem forbi!

(Ei kone- damestemmer)

Kven er det som bannar, Torvald vognmann,
såg deg nok i gårkveld, at slikt går an -
kome heim i fylla slik ei gudlaus tid!

(Eit borgarektepar - blandakor)

Kva gjer slik ein pøbel her i strøket?
Sølet er han, luktar fyll og gammal skit -
nei, at slikt får gå laust skjønar ikkje vi!

La oss heller ta ein tur til grosseraren -
når berre eg har vore hos barberaren
og hos kasseraren

for vår foreining
til betring av fattigfolks kår

edruskap, reinare hår^(damestemmer)

fleire og fastare lå^(mannsstemmer)

Så tar vi oss ein konjakk

hos grosseraren.

(ein gateseljar- mannsstemmer)

Kom hit og kjøp vispar, beste vare
kom hit, sjå på byens beste tvare -
komne heilt frå Ekeberget no i dag.

(ei lita jente - damestemmer)

Kjære gode herskap, få ein skilling,

Karen 5

eg har mange søskjen, eg er tvilling,
ver barmhjertig og syn oss litt hjartelag!
(borgarar på gata - blandakor)
Kjære, for eit oppløp i vår gate,
skitne, sjuke, fyllesvin og allslags pakk -
nei, at slikt kan gå laust skjønar ikkje vi!
Men la oss no ta ein tur til grosseraren,
når berre vi har vore hos barberaren
og hos kasseraren
for vår foreining
til betring av fattigfolks kår
edruskap, reinare hår/fleire og fastare lår -
så tar vi oss ein konjakk
hos grosseraren.

(kor)

Kristiania, april!
Ein by med pust av vår i lufta.
Flyttedag, midt i april.
Ein vognmann bannar, andre ler,
men ingen tenkjer på kva andre gjer.
Har nok med seg, har nok med meg,
eit våryrt par har nok med seg.
Av toget stig dei ei for ei
i Kristiania for første gong.
Dei ser seg rundt.
Ser byen, gatene med rennesteinar,
ser hestedrosjer og ein hestetrikk,
ser brustein, mylder, skal dei få panikk?
Men før dei vinn å tenkje meir
står vognmenn, kuskar, herrar, fruer,
står tyend som dei sjølv, og spør:
Er dette Astrid eller Inger?
Dei tvinnar hender, vrir på føter, sparkar grus -
nervøse, spente, dei gøymer seg bak latter.
Ein herre ropar:
Eg søker Karen Johansdatter!
Og Karen neier djupt og følgjer med
til vogna herremannen ventar ved.

Karen 4 b

SØNDAG

KAREN 6

Det er søndag.
No er eg fri
 til å gå kvar eg vil
Ja, det er søndag
og eg er fri
 til å gå kvar eg vil
 - og eg vil
gå ut og kjenne livet
 skjelve under huda
gå ut og kjenne blodet
 bølge og varme,
sjølv om eg ikkje har
 nokon eg særleg har kjær
- ingen får kome
 Karen for nær.

Det er søndag.
Kom vesle sky,
 vil du fukte mitt hår
Ja, det er søndag
Kom våte sky,
 berre regn i mitt hår
 - slik ein dag
når nedpå plassen ventar
 alle mine draumar,
har gløymt eg ingen kjenner,
 byen ligg vårvarm,
og byen gir meg nok
 ein eg kan særleg få kjær
- ingen har kome
 Karen heilt nær.

Det er søndag.
Som i ein rus,
 virvle rundt i ein dans
Ja, det er søndag
og som i rus
 spring eg ut i ein dans
 - men eg veit,
ein framand fugl kan flyge
 høgt, men ikkje syngje,
kan le, men ikkje gråte,
 kviler i draumar
der enno ingen har
 fått kome Karen heilt nær
-enno har ingen
 fått Karen kjær.

REISE
(gruppe 1 og 3 mannsstemmer, gruppe 2 og 4 damestemmer)

Karen 7

tjoh-t-k-tjoh-t-k-tjoh-t-k-tjoh-t-k-tjoh...
touuu-touuu...

Reiser
med hovudbanen
til Eidsvoll i røyk og damp.
Reiser
frå by og trengsel
med vår tids moderne gamp.
Året
er atten-nitti.
Vi reiser på jern og stål.
Juni,
ein solfylt månad.
Vi reiser på damp og kol.

- Er det plass til fleire / i denne her kupeen? (gr. 1)
- Sjølvstekt, berre stig på, / kom smak på kanapeen. (g2)
- Sist vi følgde toget / så sat vi på ei kasse. (g3)
- Her er andre saker, / det her er første klasse, (g4)
- Kjenn på plysjen, kjenn på rysjen, kjenn på farten (alle)
vi reiser i luksus og sol!
Konduktøren, kontrolløren, helsar høfleg.
Tenk å reise mens du sit i ein stol!

tjoh-t-k-tjoh-t-k-tjoh-t-k-tjoh-t-k-tjoh...
touuu-touuu...

Reiser
med hovudbanen
til Eidsvoll i røyk og damp.
Reiser
frå by og trengsel
med vår tids moderne gamp.
Året
er atten-nitti.
Vi reiser på jern og stål.
Juni,
ein solfylt månad.
Vi reiser på damp og kol.

- Vi har neppe møttest,(1) / Kom la meg presentere!(2)
- Der er gamle kjende!(3) / La ikkje oss sjenere!(4)
- Sjå den snåle hatten! (1) / Det der er siste mote! (2)
- Har du løyst billettar? (3) / Trur du eg er ei rote?(4)
- Kjenn på plysjen, kjenn på rysjen, kjenn på farten (alle)
vi reiser i luksus og sol!
Konduktøren, kontrolløren, helsar høfleg.
Tenk å reise mens du sit i ein stol!

tjoh-t-k-tjoh-t-k-tjoh-t-k-tjoh-t-k-tjoh...
touuu-touuu...

Reiser
med hovudbanen
til Eidsvoll i røyk og damp.
Reiser
frå by og trengsel
med vår tids moderne gamp.
Året
er atten-nitti.
Vi reiser på jern og stål.
Juni,
ein solfylt månad.
Vi reiser på damp og kol.

- Slik ei lita dame, / sei, reiser De aleine? (1)
- Nei, eg er i følgje / med diktaren von Weine (2)
- Kjenner De den jenta, / ho bleike under lykta (3)
- D'er madam Olsens Karen, / sei, har'kje du høyrte rykta? (4)
- Kjenn på plysjen, kjenn på rysjen, kjenn på farten (alle)
vi reiser i luksus og sol!
Konduktøren, kontrolløren, helsar høfleg.
Tenk å reise mens du sit i ein stol!

tjoh-t-k-tjoh-t-k-tjoh-t-k-tjoh-t-k-tjoh...
touuu-touuu...

Reiser
med hovudbanen
til Eidsvoll i røyk og damp.
Reiser
frå by og trengsel
med vår tids moderne gamp.
Året
er atten-nitti.
Vi reiser på jern og stål.
Juni,
ein solfylt månad.
Vi reiser på damp og kol.

tjoh-t-k-tjoh-t-k-tjoh-t-k-tjoh-t-k-tjoh...
touuu-touuu...

EIN UKJENT MANN

Han stod i eit portrom og smilte.
 Eg burde forstått, og eg tvilte
 på det han sa, då han ba
 meg på kafe.
 Der kjøpte han varmt øl
 og suppe og brød.
 Han kalla meg eit kvinnfolk, så sprø,
 fordi eg gjekk ute i byen åleine
 om natta.

Berre le og kall meg hore
 for eg gjorde det eg gjorde
 berre le og føl dykk store
 berre le og la dykk more
 eg går aldri, aldri, aldri
 til politilegekontoret

Karen skal ha unge
 Ingen kjenner faren
 Gud bevar mi tunge
 Karen skal ha unge
 Gud beskytter karen
 Ingen kjenner faren

Trur ikkje han sa kva han heitte.
 Eg har spurt ein drøss, ingen veit det.
 Og alt han sa då han ba
 meg heim til seg!
 Han tok meg heilt inn til,
 han gjorde meg vill
 og kalla meg eit kvinnfolk, så sprø,
 fordi eg gjekk ute i byen åleine
 om natta.

Berre le og kall meg hore
 for eg gjorde det eg gjorde
 berre le og føl dykk store
 berre le og la dykk more
 eg går aldri, aldri, aldri
 til politilegekontoret

Karen skal ha unge
 Ingen kjenner faren
 Gud bevar mi tunge
 Karen skal ha unge
 Gud beskytter karen
 Ingen kjenner faren

Eg visste vel knapt kva eg gjorde.
 Har lært: Ikkje tru på dei store.
 Men alt han sa då han ba
 meg om å bli,
 det gjorde meg glovarm,
 ei seng og ei arm.
 Han kalla meg eit kvinnfolk, så sprø,
 fordi eg gjekk ute i byen åleine
 om natta.

Berre le og kall meg hore
 for eg gjorde det eg gjorde
 berre le og føl dykk store
 berre le og la dykk more
 eg går aldri, aldri, aldri
 til politilegekontoret

Karen skal ha unge
 Ingen kjenner faren
 Gud bevar mi tunge
 Karen skal ha unge
 Gud beskytter karen
 Ingen kjenner faren

Han stod att i døra og smilte.
Var glad, sa han, eg ikkje tvilte
på det han sa då han ba
meg å forstå,
men han sa seg heilt fri,
eg fekk ikkje bli
for eg var slik ei tuppe så sprø,
ei slik som gjekk ute i byen åleine
om natta.
Eg går rundt i byen åleine
om natta
på jakt etter kvar han bur

berre le og kall meg hore
for eg gjorde det eg gjorde
berre le og føl dykk store
berre le og la dykk more
eg går aldri, aldri, aldri
til politilegekontoret.

Eg går rundt i byen åleine
om natta
på jakt etter kvar han bur

Karen skal ha unge
Ingen kjenner faren
Gud bevar mi tunge
Karen skal ha unge
Gud beskytter karen
Ingen kjenner faren.

Ho går rundt i byen åleine
om natta
på jakt etter kvar han bur

Om sola skjelv i
skorsteinsrøyken må du gå
Om skodda ligg på
hamna, må du berre gå
Om det er regn i
gatene så må du gå
på jakt etter faren

Jakte høgt og lågt
gate opp og ned
Byen gatelangs
må du verte ved
Du har ikkje flaks
Du er ganske lens
der du går på jakt
utan jaktlisens
Det er fredningstid
Det er nesten jul
Alle fedre små
har nok gått i skjul

Jakte høgt og lågt
Jakte vilt og fort
Du har ofte høyr
jakt er herlig sport
Derfor går du på
for kvar rygg du ser
kjem eit stikk av håp
til han snur og ler
Alt for mange smil
Alt for mange fjes
Alt for mange rop
gjer deg berre hes

Eit løfte
er som ein fugl på trekk
Om våren kjem han til deg
Når hausten kjem
er han vekk

Om sola skjelv i
skorsteinsrøyken må du gå
Om skodda ligg
på hamna, må du berre gå
Om det er regn
i gatene så må du gå
på jakt etter faren

Jakte høgt og lågt
Jakte vilt og fort
Du har ofte høyr
jakt er herlig sport
Derfor går du på
For kvar rygg du ser
kjem eit stikk av håp
til han snur og ler
Alt for mange smil
Alt for mange fjes
Alt for mange rop
gjer deg berre hes

Eit løfte
er som ein fugl på trekk
Om våren kjem han til deg
Når hausten kjem,
er han vekk

og91

KAREN 10

KVA NO?

Kva no -
kvar skal eg gå -
kvar skal eg leite
som eg ikkje alt har leita?
Kva no -
kvar finst det no
ein stad eg kan gå
der eg ikkje alt har vore?
Kva no -
eg ber eit barn
enno ein månad -

Eg må syngje, eg må sørgje
elles får eg ikkje fred
Eg må vite, eg må spørje
- veks det blomar i helvete?

Kva no -
kvar skal ho gå -
kvar skal ho leite
som ho ikkje alt har leita?
Kva no -
kvar finst det no
ein stad ho kan gå
der ho ikkje alt har vore?
Kva no -
ho ber eit barn
enno ein månad -

Du kan skrike, ingen bryr seg,
ingen syns det kjem dei ved.
Og tilfeldig spør ein fyr deg -
"Veks det blomar i helvete?"

Kva no -
kvar skal eg gå?
....

du kan spørje, ingen svarar
ingen viser deg ein veg
til å sleppe vekk frå dette -
veks det blomar i helvete?

Berre syng no, berre sørg no
elles får du aldri fred
Kanskje får du aldri vite-
veks det blomar i helvete?

Kom hit Karen, kom bli med oss
ut på livet, ut på gata.
Livet er ein dans på roser,
fullt av tornar, stikk på stikk.

Inn på politistasjonen
må vi ofte for å sjekkast,
kjenne stålet kaldt mot kjønnet
og så ut med ny attest.

Det er verst den første gongen,
første veka, første året,
seinare så går det over,
føler nesten ingenting.

Somme menn er feite grisar,
somme menn har sære lyster,
men, alt går når du har trening,
gjer deg nesten ingenting.

Det er lystig her på strøket,
kaldt og rått og inga kvile.
Vi må hyle, vi må spele
glade, kåte, kaldt og rått.

Fem minuttar i eit portrom,
tre kvarter i herskapsvogna
medan kusken sit og ventar.
Verst er dei som går med kniv.

Kom hit Karen, kom bli med oss
ut på livet, ut på gata.
Livet er ein dans på roser,
fullt av tornar, stikk på stikk.

Kom no, Karen! Kom, bli med oss.
Gløym du har ein draum i sjela,
gløym at kroppen din har varme,
kven betaler deg for slikt?

Du får fri kvar fjerde veke
er du heldig, elles blir det
hekseråder, strikkepinnar.
Det kan fort bli siste tur.

Det er verst den første gongen,
første veka, første året.
Seinare så går det over,
føler nesten ingenting,
føler nesten ingenting,
føler nesten ingenting...

VIGILIE

Karen 12

(Karen går på gata, høyrer orgel og salmetonar frå ei kveldsmesse) -

DU KOM TIL OSS

Du kom til oss
Du ga ditt liv
Du er her nå
i dei som lir

Vi ser deg naken og forslått
Vi ser din gråt, ditt kinn er vått

Først gret du sjølv
i Betlehem
Så gret du for
Jerusalem

Av dine tårer livet gror
i dine tårer kjærleik bor

Du reiser knuste
med ditt ord
Du knuser den
som sjølv er stor

Du kom til oss og gav ditt liv
Du er her nå i dei som lir

I kyrkje og i vertshus,
borgarheimar
og skeive skur i kolgrå
austkantsnø og sot,
dei gjer seg klare
til å feire barnet -
skal feire draum og lengt -
og ingen anar kva som
skjer i nattely -
ei lita mor, eit barn ber fram ein unge
i vinterby.

Eg har høyrte om ei frukt
kalla appelsin
Ho liknar ei sol
 smakar varme og vin
 smakar sommar og song
Slik ei frukt skal bli di
 -ein gong
Appelsin, appelsin,
skal bli din, skal bli din.

Eg har høyrte om eit skip
som kan ta oss bort
til Spanias land
 seglar fort, seglar fort
 seglar langt over hav
heilt til solfrukt og vår
 -legg av!
Ta oss bort, ta oss bort,
segle fort, segle fort.

Drøym om ei frukt
Drøym om eit land
Drøym om eit skip
 Sov, drøym deg langt bort.
Vi lovar visst
 og vi lovar stort
 appelsinen blir din
berre segla får vind
 -får vind

Reise bort, reise bort,
drøyme stort, drøyme stort.
Appelsin, appelsin, appelsin
skal bli din, skal bli din...

KRISTIANIA

(gatemiljø, roping, bråk)(Ein vognmann- mannsstemmer)

Ha deg ut av gata, jævla kjerring

Stå der som ein vektar, fan til sperring!

Ha deg inn til veggen så eg kjem forbi!

(Ei kone- damestemmer)

Kven er det som bannar, Torvald vognmann,

såg deg nok i gårkveld, at slikt går an -

kome heim i fylla slik ei gudlaus tid!

(Eit borgarektepar - blandakor)

Kva gjer slik ein pøbel her i strøket?

Sølet er han, luktar fyll og gammal skit -

nei, at slikt får gå laust skjønar ikkje vi!

La oss heller ta ein tur til grosseraren -

når berre eg har vore hos barberaren

og hos kasseraren

for vår foreining

til betring av fattigfolks kår

edruskap, reinare hår(damestemmer)fleire og fastare lår(mannsstemmer)

Så tar vi oss ein konjakk

hos grosseraren.

(ein gateseljar- mannsstemmer)

Kom hit og kjøp vispar, beste vare

kom hit, sjå på byens beste tvare -

komne heilt frå Ekeberget no i dag.

(ei lita jente - damestemmer)

Kjære gode herskap, få ein skilling,

eg har mange søskjen, eg er tvilling,

ver barmhjertig og syn oss litt hjartelag!

(borgarar på gata - blandakor)

Kjære, for eit oppløp i vår gate,

skitne, sjuke, fyllesvin og allslags pakk -

nei, at slikt kan gå laust skjønar ikkje vi!

Men la oss no ta ein tur til grosseraren,

når berre vi har vore hos barberaren

og hos kasseraren

for vår foreining

til betring av fattigfolks kår

edruskap, reinare hår/fleire og fastare lår -

så tar vi oss ein konjakk

hos grosseraren.

Og så - eit skur, eit kaihus,
stein og mørtel,
eit vindu og ei dørsprekk.
..... (instr.)
- og nattevakta
stansar opp - forskrekka,
ein kropp - i skitne kle'
som tett kryp saman over
noko, vil gi ly.
Ei lita mor, eit barn som heldt ein unge
i vinterby.

Ei nattevakt, ein vektar på sin runde,
må snu seg bort.
Må snu og gå,
må halde fram.
Stikk handa under skjorta,
der gøymer han ein dram.
Må halde fram på runden
til dagen grånar fram.

Ei nattevakt, ein vektar på sin runde,
veit ikkje svar.
Han snur og går,
må halde fram.
Stikk handa under skjorta,
der gøymer han ei skam
han ber på gjennom natta,
til dagen grånar fram.

Vinterby ^(vinterby, vinterby, vinterby)

Med kvite gater, snø som knasar under føter.
Rim i lyktestolpar, tauverk, frosen pust og stille luft.

Vinterby ^(vinterby, vinterby, vinterby)

Med stivna rørsler. Alle kyrkjeklokker teier.
Klang frå hestedrosjane i byen ringjer freden inn.

Ein fred for fattige og rike,
ein fred for hore og for prest,
eit liv for sorg, eit liv for fest,
og kven som skal få plass i himmelriket,
det veit den dumme best.

Ein fred for hallik og novise
for rike herrar, tenarskap.
Eit liv gir vinst, eit liv gir tap,
og kven som skal få del i paradiset,
veit sjølv den største gap.

Vinterby ^(vinterby, vinterby, vinterby)

På hamna ligg ei skute som gjer klar for reise.
Klokkeklang og båtsmannspiper varslar no: All hands on deck!

Vi skal til land med andre skikkar,
til land med sol og framand hud.
We're bound for Spain, vi fer med Gud!
Vi kjem igjen med last av appelsinar,
ei solfrukt frå Reus.

Og kanskje kjem vi att til våren.
Som kulene i carambole
vi vandrar utan sikre mål.
Om lagnaden blir målt i sorg og glede,
ein trassar, ein gir tål.

Vinterby ^(vinterby, vinterby, vinterby)

Eit liv for barnslege og vise,
der lykka er ein flyktig gjest,
eit liv i sorg, eit liv i fest -
og kven som skal få arve paradiset,
det veit den dumme best.

Vinterby ^(vinterby, vinterby, vinterby)